

Til medlemmar i Alver kommunestyre

Innspel til budsjett Alver kommune 2022

FAU ved Meland ungdomskule vil gjere merksam på at planlegginga av ny ungdomskule ikkje ligg i Rådmannens forslag til investeringar før i 2025. Vi reknar med at utfordringa knytt til ungdomskulen er velkjent for politikarane. Likevel vil vi gje dykk ei ny påminning om problema.

Ein ny ungdomskule på Frekhaug vart for fyrste gong satt på dagsorden på 1970-talet. Det har altså godt over 40 år sidan ein såg behovet for ny skule. Kvar gong ein har vorte pressa til å gjere tiltak, har ein landa på tilbygg eller brakker. Den siste brakkeriggen kom i 2019, og det vil være utfordrande med ytterlegare utviding på eksisterande skuletomt.

Vi ber politikarane om å sette i verk tiltak som framskyndar prosessen med ny ungdomskule, og på same tid løyve midlar til naudsynte tiltak i påvente av at ny skule står klar.

Tidshorisont for ny ungdomskule

I Rådmannens forslag til budsjett er det lagt inn 13 millionar i 2025 til ny ungdomskule. Vi reknar med at dette er midlar som er lagt inn til prosjektering av ny skule. FAU er også kjend med at det ligg eit rekkefølgekrav knytt til utbygginga av i Langelandsskogen. Vi forstår det slik at ein ikkje kan starte utbygginga av skulen før ny kryssløysing på Frekhaug er klar. Vi er difor sterkt uroa for når ein ny skule vil stå klar.

Vi ber om at Alver kommunestyre sett av midlar til prosjektering av ny ungdomskule så snart som råd. Vi ber også om at det vert sett på kva tiltak ein kan gjere for å framskande oppstart av bygginga.

Tiltak fram til ny skule

FAU saknar ein plan for korleis ein skal bøte på dei utfordringane som er på skulen i dag, og korleis ein skal løyse auken i elevtal dei neste åra. Det er i dag store plassutfordringar på skulen og det er ikkje tatt høgde for auken i elevar frå Sagstad og Grasdalen dei neste åra. Allereie i dag er kapasiteten på skulen full. Det er ikkje nok kapasitet på gymsal som ein leiger på Meland Aktiv og på Nordhordland folkehøgskule. Konsekvensen er at enkelte klassar ikkje får dekkja lovkravet i faget. Det også ei svært dårleg løysing å bruke lang tid på å gå til Meland Aktiv (om lag 20 minutt kvar veg).

Bygningsmassen og uteareala tilfredsstillar langt frå dei krava ein i dag har til undervisningsbygg. Fleire av bygga er gamle og gjer det utfordrande å drive eit godt pedagogisk arbeid. Vi veit at tilsette er kreative og finn mange gode løysingar i kvardagen. Ein kan likevel ikkje forvente at lærar og andre tilsette skal løyse desse problema i det uendelige. Det må være eit overordna ansvar.

Kvaliteten på bygga og uteområdet gjer at ein får eit auka konfliktnivå og dårlegare læringsutbytte. Det er ekstra utfordrande å gje elevar som treng spesialpedagogisk hjelp ei god undervising. Ein må ofte ta elevar ut frå klassen av praktiske årsaker. Dette får konsekvensar både for læringsutbyttet og den sosiale samhandlinga med resten av klassen.

Det er naudsynt med raske tiltak, både på bygningsmassen og på uteareala.

Vi ber om at Alver kommunestyre sett av midlar til tiltak på Meland ungdomskule i neste års budsjett.

I møter FAU har hatt med politikarar dei siste åra er det uttalt at ny ungdomskule på Frekhaug har høg prioritet. Ein ny skule 6-7 år fram i tid, meiner vi ikkje er å prioritere skulen høgt. Vi ber om at politikarane gjer tiltak for skulen frå årsskiftet.

Helsing FAU Meland Ungdomskule

v/ Bjørn Gripsgård Knudsen, nestleiar.

Prosjektgruppa for skulebygg FAU